

BESTILLINGSDOKUMENT FOR FORVALTNINGSREVISJON

TIL: Deloitte AS

FRÅ: Sogn og Fjordane Fylkeskommune

Prosjektnamn

Forvaltningsrevisjon – Tilpassa opplæring og spesialundervisning

Bakgrunn

Bakgrunnen for forvaltningsrevisjonsprosjektet er rullert plan for forvaltningsrevisjon 2018 – 2020, vedteken av fylkestinget 19. oktober 2018 i sak 33/18. Forvaltningsrevisjon av tilpassa opplæring og spesialundervisning er første prosjekt i denne planen.

Formål

Formålet med prosjektet er å undersøke kva system og rutinar Sogn og Fjordane fylkeskommune har for å sikre at fylkeskommunen føl lover og reglar for tilpassa opplæring i den vidaregåande skulen, og slik sikrar at elevane får opplæring tilpassa evner og føresetnader. I tillegg er det ein føresetnad å få vurdert i kva grad sakshandsaming knytt til behov for spesialundervisning er i samsvar med lover og regler, herunder også få undersøkt i kva grad samarbeidet med PPT er i samsvar med lovverket.

I rullert plan for forvaltningsrevisjon 2018 – 2020 står det:

Tilpassa opplæring og spesialundervisning

- Rutinar og kvalitet i arbeidet
- Samarbeid PPT og skule
- Vurdering av behov for spesialundervisning
- Kompetanse og ressursar
- Regeletterleving

Fylkeskommunen gjennomførde forvaltningsrevisjonen «Tilpassa opplæring» i 2011. Følgjande problemstillingar vart undersøkt i den revisjonen:

1. Får elevar ved vidaregåande skular i Sogn og Fjordane fylkeskommune opplæring som er tilpassa evner og føresetnader?
2. Blir krava i kapittel 5 i opplæringslova følgt når det gjeld tildeling og organisering av spesialundervisning ved vidaregåande skular i Sogn og Fjordane?
3. Har fylkeskommunen eit forsvarleg system (jf.oppl.§ 13-10) for å vurdere om elevane får den opplæringa dei har krav på?

I tillegg var det utarbeidd ein del underproblemstillingar i prosjektet.

Revisor anbefalte fylkeskommunen mellom anna til å sikre at elevar som har krav på spesialundervisning får dette, at det vert utarbeidd individuell opplæringsplan for alle elevar som har vedtak om spesialundervisning og at det vert utarbeidd felles retningslinjer, i samsvar med krav i opplæringslova og forvaltningslova, for sakshandsaming i samband med spesialundervisning. I tillegg anbefalte revisor fylkeskommunen sikre at PPT- kontora arbeidde med systemretta arbeid i samsvar med kravet i opplæringslova.

Rapporten vart handsama i FT-sak 19/11, der fylkestinget gjorde slikt vedtak:

- 1. Fylkestinget tek rapporten etter gjennomført forvaltningsrevisjon “ Individuelt tilpassa opplæring ” til etterretning*
- 2. Fylkestinget ber fylkesrådmannen om å følgje opp tilrådingane i rapporten og melde tilbake til kontrollutvalet innan utgangen av 2011 om status og eventuell plan for vidare oppfølging*

Kontrollutvalet såg til at det var gjennomført oppfølging av rapporten, og sa seg ferdig med oppfølginga etter handsaming av eit oppfølgingsnotat frå fylkesrådmannen 26.11.13 i KU-sak 44/13.

Revisor bør sjå til at denne forvaltningsrevisjonen også vert ein oppfølgingsrevisjon i høve til forvaltningsrevisjonen nemnt over.

Forslag til problemstillingar

- I kva grad har Sogn og Fjordane fylkeskommune etablert system og rutinar som bidreg til å sikre at elevar i den vidaregåande skulen får opplæring som er tilpassa evner og føresetnader?
 - I kva grad sikrar fylkeskommunen at det som del av vurderinga underveis for den enkelte elev blir vurdert om eleven har tilfredsstillande utbyte av opplæringa?
 - I kva grad blir det vurdert og eventuelt prøvd ut tiltak innanfor det ordinære opplæringstilbodet i tilfelle der det er tvil om eleven har tilfredsstillande utbyte av opplæringa?
 - I kva grad er det etablert system og rutinar for å vurdere og sikre at storleiken på klassane, basisgruppene og gruppene er pedagogisk forsvarleg?
- I kva grad er sakshandsaminga knytt til vurdering av behov for spesialundervisning i samsvar med krav i opplæringslova og forvaltningslova?
 - Er det etablert føremålstenlege retningslinjer og rutinar som sikrar at krav i regelverket blir etterlevd?
 - I kva grad er den faktiske sakshandsaminga i samsvar med sentrale krav i opplæringsloven og forvaltningsloven?
 - Kva rutinar har fylkeskommunen for å følgje opp at elevar med spesialundervisning har tilstrekkeleg utbyte av spesialundervisninga?
- I kva grad er samarbeidet mellom PPT og den enkelte skule i samsvar med lovverket?
 - Kva samarbeidsrutinar har skulane med PPT?

- b) Er det etablert hensiktsmessige system for samhandling mellom skulane og PPT der skulen meiner ein elev kan ha behov for spesialundervisning?
- c) I kva grad støtter PPT skulane med systemretta arbeid for å legge opplæringa til rette for elevar med særlege behov?

Revisjonskriterium

Revisor vert oppmoda om å få på plass og gjennomgå revisjonskriteria, eventuelt i samråd med kontrollsjef. Endelege revisjonskriterium vert bestemt i kontrollutvalet si handsaming av prosjektplanen.

Avgrensing og omfang av prosjektet

Økonomisk ramme: Utvalet ynskjer ei vurdering av økonomisk omfang ved gjennomføring av denne forvaltningsrevisjonen, og ber om ein plan for dette prosjektet vert utarbeidd snarast, slik at leiar i kontrollutvalet i samråd med kontrollsjef får godkjent prosjektplanen i god tid til at rapport kan leverast innan tidsfrist.

Utvalet vil gjerne ha ferdigstilt prosjektet innan 6. mai 2019 for handsaming i kontrollutvalet 28. mai.

Stad:.....

Dato:.....

Frank Willy Djuvik
Leiar i kontrollutvalet
Sogn og Fjordane fylkeskommune